



RANDI BJØRLO
randi.bjorlo@nordhordland.no
Tlf. 415 30 176



YNGVE GAREN SVARDAL
yngve.svardal@nordhordland.no
Tlf. 415 30 177



ENDRE HOPLAND
endre.hopland@nordhordland.no
Tlf. 994 12 311



Kvernhusmyrane 29, Knarvik senter - 5914 ISDALSTØ - TLF: 56 35 55 55 - FAX: 56 35 55 56 - avisa@nordhordland.no

VI MEINER

Hekta på skjermdop

Ei sak frå ei handballturnering har gått varm på Facebook desse siste dagane. Ein av publikumarane var vitne til ei hending han har vald å dela med sine Facebook-vener, og som no spreier seg som eld i tørt gras:

"Kjære handballmamma som satt i Ankeneshallen i dag og var over gjennomsnittlig interessert i telefonen din.

Æ KUNNE IKKE unngå å høre at når datteren din satte seg ved siden av deg ett minutt etter at hun var ferdig med å spille kamp presterte du å spørre om hun ikkje skulle spille snart.

Hun svarte at hun akkurat hadde spilt, og du mumlet noe om at hun burde ha sagt ifra. Ikke engang under denne samtalen gadd du å løfte blikket fra telefonen og du så derfor ikkje hvor skuffet hun ble.

Jeg regner med du fremdeles sitter med nesen godt begravd i telefonen og håper du ser dette, og om du gjør det: Skjerp deg!»

Vi har vel alle hatt nesa nede i telefonen når vi ikkje burde, men dette var i drygaste laget, meiner karen som og irriterer seg over stadig meir mobilbruk i kvardagen.

Han har heilt rett. I kaffebesøk eller i samtale med vener og kjende er vi ofte meir opptatt av det som skjer på mobilen.

Ein ekspert har funne ut at ein prosent av oss er, i medisinsk forstand, alvorleg avhengig av sosiale medier. Løfter ein blikket og ser seg rundt, er det grunn til å tru at prosenten må vera høgare - utan at vi skal konkludera i forhold til det. Truleg har vi berre sett starten på noko som vi ikkje anar dimensjonen av langt der framme i framtida.

NORDMENN LIGG i verdstoppen, og med nettbruk. Åtvaringane mot å flytta heile vårt sosiale liv over på sosiale medier, må takast på alvor. For svært mange av oss, rekk det å sjå på seg sjølv. Storforbruket av sosiale medier er ikkje berre eit ungdoms-fenomen. Også foreldre- og besteforeldregenerasjonen synest rimeleg hekta.

Blant dei som åtvarar er psykolog og føredragshaldar John Petter Fagerhaug. I ein kronikk i Dagsavisen for nokre veker sidan koblar han aukande trøttheit, utmatting, manglande søvn og fråfall i skule (og arbeidsliv) til frykta for å gå glipp av nokre «likes» og hendingar på sosiale medier.

Uttrykket «skjermdop» kjem til uttrykk om ein prøver å ta skjermen frå dei ivrigaste brukarane. Avhengigheita er slående.

Korleis skal ein greia få til eit markant skilje mellom bruk og misbruk av skjermer? Fagerhaug spør om det berre er å kjøra på så lenge det ikkje handlar om strålefare, aldersgrense eller reklameforbod.

Utan å nedvurdere den hyggeleg sida ved nettet og aktiviteten der, trur ikkje vi det finst noko enkel løysing på skjerma- hengigheit, diverre.

Vi får berre gjera vårt beste både for eigen og ikkje minst dei unge sin del - for å dreia livet meir i retning av verkelegheita.



INNLEVING: Elevane Joar Straume og Mathilde Mongstad Skar kunne leva seg inn i korleis bøndene hadde det i 1814 etter å ha laga og smakt på mat som ein nytta i uåra kring 1814.



Attende til 1814 med svolt og uår

SLETTA: Svolt, urett og opprør stod på timeplanen då 100 ungdomsskuleelevar sist veke reiste attende i tid for å læra meir om grunnlova, menneskerettane og tilhøva i Nordhordland i 1814.

GRO ANETTE FANEUBUST
gro@nordhordland.no

Når Nh kjem innom Vestnorsk utvandringscenter på Sletta lørdag er stemninga amper, og det er tillaup til steinkasting mellom to grupper som har samla seg på kvar side av kyrkja. Vi har hamna midt i «Det tumultariske opptrinn», der kring 1000 bønder drog til byen og

100 ungdomsskule-elevar reis

stilte embetsmenna til ansvar.

I Nordhordland svalt nemleg folk på denne tida.

–Under Napoleonskrigen blokkerte britane hamnene og gjorde det vanskeleg å innføra korn. I tillegg var det dårleg klima og uår, noko som førte til svolt og hungersnaud i heile landet, forklarar Lars Voss Sørhus frå Norsk Trikotasjemuseum. Han har inntatt rolla som embetsmann, medan elevane er delt inn i to grupper, der halvparten er bønder og halvparten kjøpmenn, og no speler dei ut opprøret som fann stad 25. juli for meir enn 200 år sidan.

Nært innpå livet i 1814

– På denne datoen hadde bøndene fått nok, og reiste til Bergen for å krevja billigare korn. For bøndene handla opprøret om retten til mat, forklarar Sørhus, som har ført rollespelet i pennen.

Undervisningsopplegget som Museumssenteret i Hordaland har lagt opp reiser spørsmål om grunnlov og menneskerettar, og kor viktig dette er når ein opplever svolt. For å få det heile nært innpå seg, spelar ungdommane sjølv bønder og embetsmenn i eit rollespel.

9. klasse-elevane Embla Gudmundsen og Nikolai Berland fortel at det var lett å leva seg inn i korleis bøndene hadde det



GRO ANETTE FANEBUST
gro.fanebust@nordhordland.no
Tlf. 902 67 074



MORTEN SÆLE
morten.saele@nordhordland.no
Tlf. 415 30 179



LILLIAN SIVERTSEN
lillian.sivertsen@nordhordland.no
Tlf. 944 83 805

Kjem ut onsdag og lørdag • Sjå www.nordhordland.no for prisar og info. Redaktør Randi Bjørlo: 56 35 55 70 - Marknadssjef Roger Myhr: 56 35 55 60

Tenn ikkje på!
RADØY: Ein mann må ut med 5000 kroner i bot etter at bratebrannen hans kom ut av kontroll, fredag. Brannvesenet måtte rykka ut, men brannen kom fort under kontroll, melder politiet.



OPPRØR: Elevane frå Rossland Skule fekk rolla som sveltande, opprørske bønder på Strilelandet då dei fekk eit innblikk i livet i Nordhordland kring 1814. Elevane fekk kjenna på kroppen korleis bondene i Nordhordland kan ha hatt det, då dei blas liv i hungersåra og «Det tumultariske opptrinnet».

te attende til 1814 på utvandringssenteret

på den tida, etter at dei sjølv har fått oppleva kva kost dei levde på.

– Bøndene hadde berre eit minimum, og måtte eta såkorn og mala mjøl av bark, og tang for å overleva, fortel Nikolai.

Han har saman med resten av ungdomsskuleelevane ved Rossland skule fått smaka litt på den hunger og urettferdigheit bondene levde under.

– Vi har laga den maten som dei åt på den tida. Vi fekk ikkje eta oss mette, og smøret vi hadde kinna, og skulle ha på flatbrøda blei tatt frå oss før vi fekk smaka på det, fortel han.

Fokus på lokalhistoria

– Gjennom innleving får elevane større forståing for korleis folk hadde det på denne tida. Då «futen» kom og tok smøret rett for elevane skulle eta, var det faktisk nokre av elevane som blei sinte. Dei kjende på uretten, fortel Ingrid Haugrønning, som og er formidlar i Norsk Trikotasjemuseum.

Ho fortel at avdelingane ved Museumssenteret i Hordaland synest det var viktig å ha fokus på lokalhistoria når dei med midlar frå den Kulturelle skulesekken i Nordhordland, skulle setja fokus på grunnlovsjubileet.

– Vi ønskte at opplegget skulle gje eit tidsbilette av Nordhordland i tida kring

1814, og er veldig godt fornøgd med det vi har fått til. Elevane responderer veldig bra, og er engasjerte, fortel ho.

Opplegget er eit fellesprosjekt på Museumssenteret i Hordaland, og skal og utførast på Lyngheisenteret og Norsk Trikotasjemuseum.

«Vi fekk ikkje eta oss mette, og smøret vi hadde kinna til flatbrødet vart tatt frå oss.»

NRU
Nyhendene er utvalgt etter regler for god pressekikk slik disse er nedfelt i Værvarsom-plakaten. Om nokon meiner seg ramma av urettmessig omtale, oppgjør vi dei om å ta kontakt med redaksjonen. Det er også høve til å reisa klage for Pressens Faglige Utvalg, Ståltungst. 17, pb. 46 Sentrum, 0101 Oslo, tlf. 22 40 50 40. Epostadresse: ofu@nru.no
Arkivering og avfotografering: Nih tar utvanna rett til å arkivera og distribuera stoff som blir kjøpt eller utgitt av Nih, elektronisk eller annan form - anten gjennom eigen database- eller gjennom samarbeidspartnarar som avisa har avtale med. Avfotografering av stoff og annonsar for vidare produksjon er ikkje tillate utan etter avtale med Nih.

TIPS OSS!
916 20 916

Fleire mistenkte for ruskjøring

LINDÅS: Ei bil med to personar kjørte seg fast i ei groft på Erstadfjellet natt til søndag. Politiet fekk melding om forholdet, og fatta mistanke om at føreren skal ha vore rusa. Begge i bilen vart leita opp og tatt med til blodprøve. Det viste seg i følgje meldinga at dei berre skulle ha kjørt frå ein plass til ein annan på Seim, men hamna altså ein heilt annan stad. Søndag ettermiddag stoppa politiet ein bilist i Alversund. Karen i 60-åra som sat bak rattet er mistenkt for promillekjøring, og blodprøve vart tatt.

Vi har fortsatt gode billetter til hotellpakker!

SHOWPAKKE I BERGEN
MARIT VOLDSÆTER
RETT FRA SKRUMPLEVEREN
Premiere 30. jan. Ole Bull Scene

SHOWPAKKE med hotell i BERGEN

AUSEKARANE
GÅR PÅ LAND
Premiere 23. jan. Ricks Teater

BESTILLING
www.showpakker.no | Tlf. 06154
Scandic